

FORSKRIFT EIGEDOMSSKATT 2025 I KVAM HERAD

Heimel: Vedteken av Kvam heradsstyre 12. desember 2024 med heimel i Lov av 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane §2 (heretter omtala som «Eskl»)

For eigedomsskatteåret 2025 gjeld fylgjande:

§ 1. Eigedomsskatt vert skriven ut på alle faste eigedomar i Kvam herad, jfr. Eskl. §3 bokstav a.

§ 2. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eskl. §10 og §11 første ledd. I medhald av Eskl. §12, bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustadeigedomar og fritidseigedomar sett til 3,3 promille.

§ 3. Eigedomsskattegrunnlaget vert fastsett i medhald av Eskl §§ 8A-2 flg., med unntak av §8C-1.

§ 4. Det vert gjeve kr 350 000 i botnfrådrag for alle sjølvstendige bustaddelar i faste eigedomar som ikkje vert nytta i næringsverksemd, jf. esk. § 11, andre ledd.

§ 5. I 2025 skal skattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader setjast verdet multiplisert med 0,7, jfr. Eskl. §8 A-2 (1)

§ 6. For eigedomsskatteåret 2025 vert det gjeve fritak for eigedomsskatt, jfr. Eksl §7, for følgjande eigedomar:

1. Eigedomar eigd av stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr. Eskl. § 7 bokstav a. Kva eigedomar dette gjeld går fram av vedlegg «Eigedomsskatt 2025 – eigedomar med fritak etter § 7a»

2. Bygningar som har historisk verdi vert fritekne for eigedomsskatt, jfr. Eksl § 7, bokstav b. Med bygning av historisk verdi vert meint bygningar som er automatisk freda eller freda i vedtak etter kulturminnelova.

§ 7. Kvam herad har valt følgjande nemnder for eigedomsskatt:

1. Sakkunnig nemnd for taksering av alle eigedomar. Nemnda har 5 medlemer og 5 varamedlemer.

2. Sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt, jfr. Eskl. §20. Nemnda har 5 medlemer og 5 varamedlemer

§ 8. Eigedomsskatten skal i 2025 betalast i 1, 2, 4 eller 12 terminar, jfr. Eskl. §25.

§ 9. Takstvedtekter for eigedomsskatt, vedtekne av Kvam heradsstyre 10. desember 2020 (skal gjelda for skatteåret 2025.